



**DET KONGELIGE
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT**

Statsråden

Norges Miljøvernforbund
Postboks 593
5806 BERGEN

Deres ref

Vår ref

Dato

18/1857-

7. februar 2020

Svar på førespurnad frå Noregs Miljøvernforbund om blyforurensing frå skyttarbanar

Eg viser til førespurnaden deira datert 28. november 2019 vedrørande metallforureining frå skytebanar. Klima- og miljødepartementet takkar for førespurnaden og engasjementa deira i denne viktige saka.

Sivil våpentrening over mange år har medført at det ligg betydelege mengder metall, særleg bly og kopar, i grunnen på norske skytebanar. Ved mange sivile skytebanar kan det ligge konsentrasjonar av bly og andre metall i grunnen som kan utgjere ein risiko for helse og miljø. Dette tar miljøstyresmaktene på alvor, og vi vurderer no korleis denne problematikken kan handterast på ein god og formålstenleg måte.

I tildelingsbrevet for 2020 frå Klima- og miljødepartementet har Miljødirektoratet fått i oppdrag å vurdere om det er formålstenleg å regulere aktive sivile skytebanar til dømes gjennom forskrift. Oppdraget vil innebere å sjå på moglegheiter for å stille tydelege krav og/- eller vilkår med tanke på kontroll av tilførselar og avrenning frå bly og andre metall. I samband med dette arbeidet vil det vere naturleg å vurdere omfanget av problemet. Det vil òg vurderast tiltak for å sikre ei forsvarleg handtering av metall som blir tilført kulefangarvollar, og krav ved nedlegging av banane.

Det vil vere behov for å innhente ytterlegare kunnskap knytt til effektive og realistiske tiltak, og å få betre oversikt over problemomfanget herunder blyinnholdet på og rundt dei aktive skytebanane.

I tildelingsbrevet for 2020 frå har Miljødirektoratet òg fått i oppdrag å sjå på moglegheita for å kartlegge/registrere nedlagde sivile skytebaner. Dette er første trinn i å få ei betre oversikt over talet på sivile skytebaner og forureiningssituasjonen ved desse. Det er formålstenleg å prioritere undersøkingar og eventuelt oppryddingstiltak på dei skytebanene som utgjer størst risiko for helse og miljø.

Med helsing



Sveinung Rotevatn